



Jubileumskoret syng i Helgheim ikveld

**Jubileumskonserten til Røyserett for alle vil få ein stor musikalsk og songleg spennvidde. Konserten vil bli leia av den fyrste dirigenten, Kristian Olav Bringedal, og i tillegg til dei 2 kora vil også ei rekkje solistar framføra ymse verk. Røyserett for alle stillar med Irene Simonsen som spelar Grieg på piano, Haldor Tveit spelar accordeon og Tiril Einarsdotter fiolin medan Strupebandet mønstrar trioen Hallgeir Tvedten på piano, Tor Bjelland på bass og Rhune Dahle på slagverk samt Tvedten også på saksofon, og Egil Våge på fele.**

Det ferskaste produktet som skal framførast er naturleg nok Røyserett for alle (Svein Rimestad/Maria Malmsten) som er iferd med å bli ein signatmelodi. Den vil setta punktum for konserten, som opnar med 3 melodiar frå den store syklusen til Maria og 8 som er tonesett av Per Indrebø,

Strupebandet har fleire eviggrøne melodiar å lokka med, i tillegg til Liten fuggel medan vertskoret i den andre avdelingen mellom andre syng to nyinnøvde songar frå Spelemann på taket. Dei har også både Taube og Nordstoga på programmet.

Heile konserten er berekna til halvannen time

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen